

**Fra:** Jan Erik Øygard [JanErik.Oygard@mef.no]  
**Til:** Jenny Ellaug Følling [Jenny.Ellaug.Folling@sfj.no]; Postmottak Sentraladm  
[Postmottak.Sentraladm@sfj.no]  
**Kopi:** thomas@enservice.no [thomas@enservice.no]; Paul Olaf Baraas  
[Paul.Olaf.Baraas@mef.no]  
**Sendt:** 01.12.2015 08:12:33  
**Emne:** Sak til Fylkesutvalet / Fylkestinget  
**Vedlegg:** Anleggsteknikk 2016-2017.pdf

Hei.  
OKAB vil be om at denne saka vert sett på.

Med helsing

**Jan Erik Øygard**  
Dagleg leiar  
Mobil: 95 46 72 02  
[jan.erik.oygard@mef.no](mailto:jan.erik.oygard@mef.no)

Opplæringskontoret for anlegg og bergfaga / OKAB  
Maskinentreprenørenes Forbund / MEF  
Tlf: 99 44 01 51  
Firdavegen 6, 6800 Førde  
Postadresse: Postboks 693, 6804 Førde  
[www.mef.no](http://www.mef.no) / [www.okab.no](http://www.okab.no)  
START EIN SPENNANDE YRKESKARRIERE



Viser til sak i Hovudutvalget for opplæring sak 27/2015.

30.11.2015

Vg2 Anleggsteknikk vert redusert med ei gruppe. Dette vil innebære at det er mange som ikkje får sitt første ønske og, dermed ein tyngre veg mot ei fagutdanning som det er stort behov for. OKAB vil difor be HO for opplæring ta denne saka opp igjen og endre teksten til at det vert opna for to klassar ved Mo og Øyrane vgs dersom det er nok søkjarar til linja.

Nedbygging av Vg2 Anleggsteknikk ved Mo og Øyrane vgs.

Vi er no inni det andre året med to klassar Vg2 Anleggsteknikk ved Mo og Øyrane vgs. Det er tilsaman tre klassar i Sogn og Fjordane.

Bransjen er svært nøgd med det nye anlegget ved Mo og Øyrane vgs. Bransjen er klar på at det forsatt må vere tre klassar (36 elevar) i fylket. Det har vore ein formidabel auke i lærlingar innan Anlegg dei siste åra. Når eg starta i denne jobben i 2012 var det 38 lærekontrakter i fylket. Vi har no auka til 77 lære plassar innan anleggsfaga. Alle elevane som går på Vg2 Anleggsteknikk får lære plass. Anleggsbransjen tar også inn mange lære kandidatar i tillegg, som trenger tilrettelagt for å nå opp til fagbrev. Bransjen tar eit stort samfunnsansvar og må difor ikkje bli straffa med at det vert tatt ned ein klasse. Det har også vore ei oversøking til Vg2 Anleggsteknikk dei siste åra. I fjor var det ca. 45 søkarar på 36 plassar.


OKAB kan vise til ein auke på 44% lærlingar på landsbasis og ein auke på 100% i Sogn og Fjordane frå 2011 til dags dato.

Helsing

OKAB ved styreleiar

  
Thomas Østerbø

OKAB dagleg leiar

  
Jan Erik Øygard